



Bjørnar Brakstad  
Ytre Brakstad 5  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2365 - 16/22516

Saksbehandlar:  
Marius Flemmen Knudsen  
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:  
25.11.2016

## Godkjenning av søknad om bygging av traktorveg og velteplass - skogvegen vest på Gbnr. 6/6 m.fl. på Ytre Brakstad

**Administrativt vedtak. Saknr: 390/2016**

### Saksutgreiing:

Bjørnar Brakstad søker i søknad dagsett 20.09.2016 om løyve til å byggje ein traktorveg Gbnr. 6/6 m.fl. på Ytre Brakstad. Det vert søkt om å byggje ein traktorveg i vegklasse 7 på ca. 190 meter med velteplass i veiklasse 3 på ca. 30 meter. Det er også søkt om eit massetak i samband med bygging av veg og velteplass. Vegen er tenkt nytta 100 % i skogbruksformål. Vegen har eit dekningsområde på 50 daa med eit ståande volum på om lag 200 m<sup>3</sup> hogstmoden skog, byggjekostnad er kalkulert til 80.000 kr.

Eigedommen har 394,3 daa skog, 98 daa fulldyrka jord, 9,2 overflatedyrka jord, 24,5 daa innmarksbeite og 70,4 daa anna areal. Søkjar ynskjer å nytta vegen i samband med uttak av skog og skogskjøtsel. I vegens dekningsområde er det skog som ikkje er hogstmoden enda, og søker planlegg at denne skogen også skal takast ut via den omsøkte traktorvegn. Vegen og velteplassen har vore omsøkt tidligare. Løyve til bygging var godkjent 12.06.2007, men søker vart ikkje ferdig å byggje innan fristen og løyvet gjekk ut. Søkjer måtte difor søkje om å få byggja vegen på nytt. Søkjer opplyser at ca. 30 meter av vegen er ferdigbygd, og at det står att ca. 190 meter. Omsøkt vegtrase er den same som omsøkt og godkjent i 2007.

### Vurdering:

Ein landbruksveg er veg for landbruksformål eller kor landbruksformål utgjer hovudformålet med vegen jf. § 1 i forskrift om planlegging og godkjenning av vegar til landbruksformål

(landbruksvegforskrifta). For den omsøkte vegen utgjør landbruksformålet all planlagt bruk av vegen.

Den omsøkte vegen vil vere eit viktig tiltak for å kunne ta ut skogen i området på ein effektiv, økonomisk og skånsam måte. Skogteigen ligg nært kommunal veg, og vegen er planlagt med kortast mogleg transport ut til velteplass ved offentleg veg. For å sikra gode økonomiske villkår i skogbruket er vegar ein viktig måte å sikra lettare transport av tømmeret ut av skogen. Dagens utstyr i skogbruket er tungt og sjølv ved frossen mark kan dei gjera store skadar. Det er difor viktig at det er gode traser inn og ut for maskiner med og utan lass for å minske slitasje og skadar på terrenget. Vidare vil mindre køyrespor redusere kostnadane for skogeigar. Det er planlagt ein velteplass i enden av traktorvegen ved kommunal veg, på den måten sikrar ein areal til lagring av tømmeret før transport på lastebil. Å sikre gode moglegheiter for god og effektiv logistikk er viktig i skogbruket. Vidare er det ikkje bra å lagre store mengder tømmer på ein vegskråning. I samband med bygginga er det søkt om eit massetak på ca. 200 m<sup>3</sup>, dette er planlagt å liggje delvis i det området det er planlagt å byggje velteplassen. Og administrasjonen meiner at det er positivt at ein kan nytta stadegne masser for bygginga av veg og velteplass. Det er også positivt at massetaket er planlagt delvis i det er arealet ein ynskjer å nytta til velteplass, og at ein da reduserer det visuelle inntrykket at massetaket.

Ein veg er også eit viktig element i samband med skjøtsel av skogen etter forynging. Ein sparer tid og kostnader med ein enkel tilgang til skogareala ved utføring av skogskjøtsel. Etter forynging er det trong for ulike skjøtselstiltak i skogen, mellom om anna ungsogpleie/avstandsregulering. Dette er eit viktig tiltak for å sikre ein god kvalitet på framtidig trevirke, samstundes som det er eit viktig tiltak for å sikre ein meir stormsterk skog. Innafor vegens dekningsområde står det i dag ca. 200 m<sup>3</sup> med hogst skog, men dette vil auke i tida framover da meir skog vil verte hogstmodent.

Søknaden har vore sendt på høyring etter landbruksvegforskriftas §§ 2-2 og 3-3. Søknaden vart sendt til Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland Fylkeskommune og kulturavdelinga i Meland kommune. Fylkesmannen har ingen motsegn mot vegen. Hordaland fylkeskommune som kulturminnemyndighet har ikkje motsegn, men ber om at ein under opparbeiding av vegen søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle landskapselement som steingarder eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m. Hordaland fylkeskommune viser også til at dersom det blir funne kulturminnefunn som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller restar av konstruksjonar under arbeidet, må arbeidet stansast og kulturminnemynde varslast. Meland kommune ved kulturavdelinga har ikkje motsegn.

Søknaden har vorte vurdert etter prinsippa i naturmangfaldslova (NML) §§8-12, jf.7. Kommunen har etter gjennomgang av artskart og naturbase ikkje funne sårbare eller truga naturtypar eller artar i området eller i nærleiken (jf. § 8). Administrasjonen har vurdert det slik at det ligg føre tilstrekkelig med kunnskap om verknadane av tiltaket, og at føre-var prinsippet ikkje er aktuelt i denne saka (jf. § 9). Den omsøkte vegen vil auke utbygginga i området, men det har vore drive ulike landbruksaktivitetar i området i lang tid. Administrasjonen meiner difor at den samla belastninga for området ikkje vil medføra vesentleg auke, då planlagt bruk vil vere aktivitetar som allereie vert gjort i området (jf. § 10). Naturmangfaldslovas §§ 11-12 er ikkje aktuell i denne saka.

Administrasjonen meiner etter ei samla vurdering at vegen som omsøkt ikkje er i konflikt med §§8-12 i naturmangfaldslova.

Administrasjonen vil etter ei samla vurdering gi løyve til bygging av den omsøkte traktorvegen med velteplass og massetak. Det er administrasjonen si meining at vegen vil vere viktig for god og kostnadseffektiv drift av skogen. Både ved sluttavverking, men også ved forynging og framtidig skjøtsel av skogen. Administrasjonen legg vekt på at vegen har vore omsøkt og godkjent tidligare, og at forholda ikkje har forandra seg sidan da. Administrasjonen vil påpeike at det er naudsynt med godkjent løyve for avkøyring frå Bjørndalsvegen som kommunal veg. Denne må godkjennast før vegen kan byggjast.

## Vedtak

«Meland kommune gjev løyve til bygging av skogsvegen vest med velteplass som omsøkt. Traktorvegen skal byggast i vegklasse 7, i lengde ca. 190 meter og alt som nyanlegg. Velteplassen skal byggjast i vegklasse 3, i lengde ca. 30 meter. Løyvet gjeld også for masseuttak på ca. 200 m<sup>3</sup> til bygging av vegen og velteplassen.

Byggjeløyvet er gjeve på fylgjande vilkår:

1. Før vegen kan byggjast, må avkøyring frå Bjørndalsvegen vere godkjent.
2. Vegen skal byggjast i samsvar med Normaler for landbruksveier med tekniske retningslinjer for vegklasse 7 og 3 fastsett av Landbruks- og matdepartementet.
3. Under arbeidet må ein vera merksam på funn/konstruksjonar som kan knytte seg til kulturminne/fornminne og rapportera dette til kommunen eller Hordaland Fylkeskommune, kulturavdelinga, jf. Lov om kulturminner § 8, 2 ledd.
4. Tidsfrist for gjennomføring vert sett til 01.12.2019.
5. Når veganlegget er ferdig skal kommunen ha skriftleg melding om dette og kommunen skal godkjenne arbeidet.

Bakgrunn for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering. Vedtaket har heimel i §§ 3-3 og 3-4 i forskrift om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål.»

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Kartvedlegg skogvegen vest

**Mottakere:**

Bjørnar Brakstad

Ytre Brakstad 5 5918

FREKHAUG